



Arkoconsult AS  
Postboks 103  
5291 VALESTRANDSFOSEN

Referansar:  
Dykkar:  
Vår: 17/910 - 17/8826

Saksbehandlar:  
Tonje Nepstad Epland  
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:  
03.07.2017

## Byggesak gbnr 64/112 Haugstad - naust - dispensasjon frå arealføremål fritidsbustad og plankrav - melding om vedtak

Saka vart handsama av Hovudutval for plan, landbruk og teknisk i møte den 21.06.17, der følgjande vedtak vart fatta:

*Det vert gjeve dispensasjon frå arealføremål fritidsbustad og plankrav for oppføring av naust på 64/112 på følgjande vilkår:*

- 1. Naustet må reisast innanfor det allereie planerte området og dei murar som er ført opp i bakkant.*
- 2. Det kan ikkje gjerast tiltak i sjø, jf. byggegrense og føresegner i gjeldande kommuneplan.*

*Grunngjevinga for vedtaket er at allmenta sin tilkomst vert ikkje skadelidande. Naustet vil ikkje vera til hinder for allmenta. Det krevst ikkje store terrengmessige inngrep. Dei fleste andre hytter i området har naust.*

*Heimel for vedtaket er plan- og bygningslova paragraf 19-2, jf. 11-6, samt naturmangfaldslova paragraf 8-12.*

*Vedtaket vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for klagevurdering.*

Saksutgreiing med vedtak er vedlagt. Følgjeskriv frå søkjer til politisk utval av 19.06.17 er vedlagt.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland  
leiar teknisk forvaltning

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Byggesak Gbnr 64/112 Haugstad - naust - dispensasjon frå arealføremål fritidsbustad og frå plankrav  
Situasjonsplan  
Teikningar  
Byggesak Gbnr 64/112 Haugstad - naust - søknad om dispensasjon  
Byggesak gbnr 64/112 Haugstad - naust - tilleggsdokument til hovudutvalet

**Kopi til:**

Harald Fotland

**Mottakarar:**

Arkoconsult AS

Fylkesmannen i Hordaland

Postboks 103

Postboks 7310

5291

5020

VALESTRANDSFOSEN

BERGEN